


KRONIKK

## Vindkraft i naturområder er ikkje europeisk solidaritet

Putin må ikkje få bli vindkraftlobbyens viktigaste allierte i å driva fram vidare nedbygging av norsk natur.



Vinden blåser sterke og jammare til sjøs enn på land, og det er svært sannsynleg at flytande havvind på litt sikt vil gjera det unødvendig med utbygging på land, skriv Håvard Halland. Her frå ein vindmøllepark ein stad mellom København og Hamburg. (Foto: Christian Belgau)

Av Håvard Halland, seniorøkonom i OECD Development Centre

06/11/2022 05:05



Russlands kutt i gassleveransane til Europa aukar presset i den europeiske kraftmarknaden, og dermed også trykket for å bygga ut meir landbasert vindkraft i norske naturområde. Dertil kjem auka innanlands **etterspørsel** av elektrisitet, og denne og føre regjerings seindrektnhet med å legga til rette for havvind.

Det er riktig og naudsyst at Noreg bidrar til å dempa energikrisa i Europa, men feil at europeisk solidaritet betyr utbygging av meir vindkraft i naturområde.

### Flust med alternativ

For det første finst det gode alternativ, på relativt kort sikt. Ifølge ein nyleg publisert rapport frå Multiconsult kan Noreg auka straumproduksjon frå solceller frå 0,15 prosent av noverande straumproduksjon til nesten halvparten av straumen me brukar, dersom me tar i bruk eigna tak og fasadar (forretningsbygg, hus, fjøs, og garasjar). Tar ein også med jordbruksareal som ikkje vert drifta, parkeringsareal og avslutta deponi, kan Noreg produsera solenergi som svarar til meir enn dagens totale straumproduksjon. Der er også stor gevinst å henta ved å auka energieffektivitet i bygningar, og utbreiing av varmepumper. Dette er løysingar som ikkje går utover naturområde.

Samtidig skjer det ei rivande utvikling innan flytande havvind, raskare enn nokon kunne ha tenkt seg for berre få år sidan. For eksempel planlegg det norske selskapet World Wide Wind å bygga 400 meter høge flytande vindturbinar som dei **hevdar** vil kunne produsere straum med kostnader som vindturbinar på land. Vinden blåser sterke og jammare til sjøs enn på land, og det er svært sannsynleg at flytande havvind på litt sikt vil gjera det unødvendig med utbygging på land.

Konsesjonar for vindkraft og annan infrastruktur vert tildelt på grunnlag av såkalla kostnad-nytte-analyse. I slik analyse vert eit prosjekts fordelar og ulemper tillagt ein økonomisk verdi. Varigheten av fordelar og ulemper spelar også inn. Dersom tilgang på ny teknologi fører til at nytteverdien av å bygga ut naturområde er av avgrensa varighet, mens skadane er permanente, må ein verdsetta den framtidige verdien av urørt natur svært lågt for å kunna gjie konsesjon.

### Verdifulle naturførekomstar

For det andre har Noreg på vegner av Europa eit stort ansvar for forvaltning av dei største og mest urørte føremostane av mange europeiske landskapstypar og artar. Dette har verdi ikkje berre for oss sjølv, men også for våre nabobar i sør, og ikkje minst eigenverdi.

I motsetning til andre stader i Europa har likevel mesteparten av vindkraftutbygginga i Noreg gått føre seg i relativt urørt natur. Ofte har utbygging skjedd på svaberg og snaufjell, eller i område med grunt jorddekk, der tilbakeføring til opphavleg tilstand ikkje er mogleg. Biologiske utgreiingar har gjerne vore mangelfulle, og tilkomstvegar gjennom torvmyr kan ha ført til metanutslepp som sterkt reduserer klimagevinsten frå kraftproduksjonen. Dersom ein tar eit europeisk perspektiv, ikkje berre på kraftproduksjon, men også på arealbruk, bør landbasert vindkraft byggast ut i dei delane av Europa og Noreg som allereie er påverka av menneskeleg aktivitet.

Så kva tiltak bør styresmaktene prioritera for å redusera kraftunderskotet, på kort og lang sikt? Fleire alternativ blir diskutert. Dette inkluderer innføring av ordningar som gjer det lønsamt å bygga ut solkraft ut over eige straumforbruk, inkludert for store anlegg, og omprioritering av straumstøtta mot ei auke i støtte til energieffektivisering i bygg og til solenergi. Det bør også vera eit alternativ å innføra pålegg om solenergi for alle nye industribygg og offentlege bygg, og energilagring der dette er teknisk gjennomførleg og økonomisk gunstig.

Auka bevillingar til raskare utgreiing av konsesjonar for havvind vil gje utslag på litt lengre sikt, det same vil tiltak for hurtigare kommersialisering av lovande, men kapitalintensiv energiteknologi. Andre har tatt til orde for raskare effektivisering av vasskraft. Dessutan bør Klima- og miljødepartementet ha eineansvaret for kartlegging av naturmangfold ved utbygging av kraftanlegg og andre større naturinngrep, inkludert hyttefelt.

### Provinsiert og kortsiktig

På attenhundretalet måtte dei norske nasjonalromantikarane til Berlin, Paris og Roma for å erkjenna verdien av norsk natur, og uttrykke dette i biletkunst, litteratur og musikk. Halvanna hundreår seinare har mykje av naturen dei skildra, forsvunne under hyttefelt, infrastruktur, og anlegg for kraftproduksjon. I eit europeisk perspektiv blir det både provinsiert og kortsiktig å skulle bygga ned den naturen me enno har igjen.

Thomas Friedman skriv i New York Times om korleis Putins krig er ein krig mot planeten og har auka presset på naturområde verda over. Putin må ikkje få bli vindkraftlobbyens viktigaste allierte i å driva fram vidare nedbygging av norsk natur.

*Synspunkta er forfattarens eigne og representerer ikkje nødvendigvis OECOs.*

[redaksjon@morgenbladet.no](mailto:redaksjon@morgenbladet.no)

Mer fra Kronikk